



STORD
KOMMUNE



Kristorshøyen



Individuelt tilrettelagt barnehagetilbod for barn med nedsett funksjonsevne

Barnehagelova § 37

Revidert mars 2023

Innhold

1. Heimel	3
1.1 Nedsett funksjonsevne – definisjon	3
2. Avgrensing og presisering	4
2.1 Det ordinære barnehagetilbudet	4
2.2 Kommunen sitt ansvar	4
2.3 Unntak	5
2.4 Tilrettelegging eller spesialpedagogisk hjelp?	5
3. Kommunen si «aktivitetsplikt»	6
3.1 Kva utløyer tilretteleggingsmidlar?	6
3.2 Sikring av tilretteleggingsplikta – innhold i vedtaket	6
3.3 Opplysning av saka, jf. forvaltningslova paragraf 17	6
3.3.1 Samtykke	7
3.3.2 Vedtaket	7
3.3.3 Klage til Statsforvaltaren	8
4. Rapportering og evaluering	8
4.1 Plan for tilrettelegging for barn med vedtak	8
4.2 Årsrapport	9
5. Avvik	9
6. Betre tverrfagleg innsats (BTI)	10
7. Ansvar og oppgåver ved vedtak om individuelt tilrettelagt barnehagetilbod	11
8. Saksgang	11
9. Tiltak	13
10. Referanse/kjelder	14

1. Heimel

Barnehagelova § 37:

«Kommunen skal sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får et egnet individuelt tilrettelagt barnehagetilbud. Plikten til tilrettelegging omfatter ikke tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderingen av om tilretteleggingen innebærer en uforholdsmessig byrde, skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser.

Kommunen fatter vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbudet til barn med nedsatt funksjonsevne.»

§ 37 er enkeltvedtak om kommunen si tilrettelegging av barnehagetilbudet for eit namngitt barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen. Tilrettelegging av barnehagetilbudet er ein individuell rett for det enkelte barn. Kommunen må difor fatta enkeltvedtak i slike saker, jf. forvaltningsloven § 2 b). Regelen i barnehagelova § 37 tredje i kraft 1. august 2016, men plikta har vore regulert i diskriminerings og tilgjengelighetslova tidlegare. Reglane skal verta forstått likt etter begge regelverk, og praksis frå Likestillings- og diskrimineringsombudet er difor relevant for forståinga av bhgl. § 37. Forvaltningslova § 17 stiller likevel eit generelt krav til forsvarleg utgreiing av saker der det skal fattast vedtak. Barnet sine føresette har rett til å gjera seg kjent med dokument i saka og til å uttala seg før endeleg vedtak. Kommunen må sikra at alle vedtak om tilrettelegging er forsvarleg utgreidd og begrunna, jf. krava i forvaltningslova § 17 og §25

Kva kan eit vedtak etter § 37 vera:

- Kompetanseheving hjå dei tilsette
- Fysiske endringar
- Leiker for til dømes synshemma
- Støttepedagog
- Ekstraressurs i form av ekstra bemanning

1.1 Nedsett funksjonsevne – definisjon

Nedsett funksjonsevne er definert som «tap av, skade på eller avvik i en av kroppens psykologiske, fysiologiske eller biologiske funksjoner» (NOU 2011:22). Det kjem fram av diskriminerings- og tilgjengelighetsloven at omgrepet omfattar fysiske, psykiske og kognitive funksjonar. Omgrepet nedsett funksjonsevne omfattar altså ulike fysiske funksjonsnedsettingar, utviklingshemming, språk – og talevanskar, åtferdsvanskar og psykiske lidingar. Sjølv om omgrepet nedsett funksjonsevne skal forstås vidt, er det lagt til grunn i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven at tilretteleggingsbehovet må vera av ei viss varigheit og styrke for at den skal kunna begrunna eit krav om individuell tilrettelegging (Ot.prp. nr. 44 (2007-2008) s. 180). Det betyr at kortvarige funksjonsnedsettingar fell utanfor. Personar med nedsett funksjonsevne er gjennom nasjonal lov og internasjonale konvensjonar sikra rett til å kunne delta i samfunnet på lik linje med funksjonsfriske. Det betyr at barn med nedsett funksjonsevne skal ha moglegheit til å delta i barnehagen i like stor grad som funksjonsfriske barn. Det følger av FNs konvensjon om barn sine rettar (Barnekonvensjonen) at barnet sitt beste skal

vera eit grunnleggande hensyn ved alle avgjerdsler som handlar om barn.

Døme på kva som vert omfatta av nedsett funksjonsevne er nedsett syn eller høyrsel, nedsett rørslefunksjon, hjartesyjukdom, lungesyjukdom og diagnosar innanfor autismespekteret. Nedsett kognitiv funksjonsevne, som inneber redusert evne til mentale prosessar som språk, hukommelse, informasjonsbearbeiding, problemløysing og tileigning av kunnskap og erfaringar, er også omfatta (Ot.prp. nr. 44 (2007-2008) s. 91).

2. Avgrensing og presisering

2.1 Det ordinære barnehagetilbodet

Barnehagen skal tilpassa tilbodet ut frå mellom anna barnet sitt funksjonsnivå, jf. barnehagelova § 2 tredje ledd.

Rammeplanen seier at barnehagen skal

«sørgje for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod».

Vidare seier rammeplanen at barnehagen

«skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadene til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørgje for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Tilrettelegginga skal vurderast undervegs og justerast i tråd med behova og utviklinga til barnet».

Barnehageeigar har dermed eit sjølvstendig ansvar for at også barn med nedsett funksjonsevne får eit tilbod i tråd med lova. Men barnehageeigar sitt ansvar er avgrensa til kva barnehagen kan gjera innanfor det ordinære tilbodet.

2.2 Kommunen sitt ansvar

Alle barnehagebarn har krav på eit tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplan for barnehagen. Barn med nedsett funksjonsevne skal ha høve til å delta i barnehage på same måte som andre barn. Dersom eit barn treng individuell tilrettelegging for å kunna ta i bruk barnehageplassen, har kommunen plikt til å fatta vedtak om dette, jf. barnehagelova § 37 første setning.

Hensikta med den individuelle tilrettelegginga er å avhjelpa barnet sine ekstra utfordringar, så det kan gjera seg nytte av barnehageplassen. Tilrettelegginga skal fastsetjast med utgangspunkt i barnet sine behov, og ressursane skal tildelast barnet i eit enkeltvedtak.

Tilrettelegginga kan vera endring av bygg for å tilpassa til barnet sitt behov, utstyr som barnet treng for å gjera seg nytte av tilbodet, ekstra bemanning, opplæring av tilsette eller andre tiltak som er nødvendige. Dei konkrete tilretteleggingstiltaka skal vera føremålstenlege i høve møta barnet sine behov.

Omgrepet «nedsett funksjonsevne» er ikkje definert i barnehagelova, men forarbeida seier at vilkåret omfattar fysiske, psykiske og kognitive funksjonsnedsettingar. Ein må avgrensa mot bagatellmessige og forbigåande forhold, og det som er å sjå som normalvariasjon vil falla utanfor. Sentralt i vurderinga er om barnet har ei funksjonsnedsetting av ein slik art at det hindrar barnet i å bruka barnehageplassen på lik linje med andre barn. Her må kommunen gjera ei skjønsmessig og konkret vurdering. I samband med dette må det vurderast i kva situasjonar barnet kan seiast å ha nedsett funksjonsevne, og kvifor det har det.

Det er kommunen som barnehagemyndede som har ansvar for å sikra at aktuelle barn får individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Plikta gjeld barn med nedsett funksjonsevne som er busett i kommunen, og som har barnehageplass.

2.3 Unntak

«Plikten til tilrettelegging omfattar ikkje tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderingen av om tilretteleggingen innebærer en uforholdsmessig byrde, skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser.»

I barnehagelova § 37 andre setning, står det at plikta til tilrettelegging ikkje omfattar tiltak som inneber ei «uforholdsmessig byrde» for kommunen. Dette handlar om kommunen si plikt om å leggja til rette for tilbodet i ein bestemt barnehage. I forarbeida er det framheva at dette unntaket er meint som ein snever sikringsventil, og at føresette til barn med nedsett funksjonsevne i utgangspunktet har rett til å velja barnehageplass på lik linje med andre.

Dersom kommunen kjem til at det er ei «uforholdsmessig byrde» å leggja til rette for barnehagetilbodet i ein enkeltbarnehage, må kommunen tilby barnet plass i ein annan barnehage. Kommunen kan ikkje bruka «uforholdsmessig byrde» som grunn til å ikkje tilby barnet ein barnehageplass i det heile. Det har kommunen plikt til, uavhengig av økonomi.

2.4 Tilrettelegging eller spesialpedagogisk hjelp?

Skilnaden mellom § 31 Spesialpedagogisk hjelp og § 37 Barn med nedsett funksjonsevne:

SPECIALPEDAGOGISK HJELP §§ 31, 32, 33, 34, 35	INDIVIDUELL TILRETTELEGGING § 37
Formålet med spesialpedagogisk hjelp etter barnehagelova § 31, er å gje barn tidleg hjelp og støtte i utvikling og læring av for eksempel språklege og sosiale ferdigheiter. Dette til forskjell frå tilrettelegging, der formålet er å tilpassa omgivnadane til barnet, slik at barnet kan bruke barnehageplassen sin.	Målsettinga med tilrettelegging etter barnehagelova § 37 er ikkje ei endring eller utvikling hos barnet, men å byggja ned barrierane i barnehagen, som gjer at barnet ikkje kan nyttiggjere seg av barnehagetilbodet på lik linje med andre barn. Sakkunnig vurdering og IUP er difor ikkje knytt til vedtak om tilrettelegging.

Kommunen har eiga rutine for sakshandsaming ved spesialpedagogisk hjelp.

3. Kommunen si «aktivitetsplikt»

Barnehagelova § 37 krev at kommunane «skal sikre» at barn som har nedsett funksjonsevne får eit tilrettelagt barnehagetilbod. Kommunen som barnehagemyndede har ei plikt til å fanga opp barn som kan ha rett på tilrettelegging.

Departementet skriv i forarbeida til barnehagelova at dei «*har valgt å ikke foreslå en plikt til å ha en kommunal søknadsordning*». Barnehagen og føresette må ikkje «søke» om tilrettelegging for at kommunen skal vera forplikta til å leggja til rette for barnet. Plikta til individuell tilrettelegging ligg til kommunen. Dette inneber at kommunen må syta for at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Det vil likevel vera føremålstenleg at kommunen får skriftleg melding om behovet frå føresette eller barnehagen.

Stord kommune nyttar derfor eit elektronisk [meldeskjema](#) dersom føresette ynskjer å melda eit behov, og ein oppmodar til å nytta skjemaet då det gjev avklaringar i høve behovet barnet har.

3.1 Kva utløyser tilretteleggingsmidlar?

I følge barnehagelova er det ikkje alle funksjonsnedsettingar som gjer rett til kommunal støtte/ tilrettelegging. Difor må ein sakkyndig instans vurdere om funksjonsnedsettinga og dei konsekvensane dette medfører for barnet skapar eit behov utover det ordinære tilbodet. Ein diagnose i seg sjølv utløyser ikkje tilretteleggingsplikt. Ein må vurdere kvar sak individuelt i forhold til barnehagen si eiga tilrettelegging, dagsrytme og behov for tilrettelegging. Det er individuelle skionader mellom barn utan at det på grunn av det er tale om funksjonsnedsetting. Forhold som ein ser på innafør normalvariasjonen i småbarnsalderen vil fella utanfor. Sentralt i vurderinga er om barnet har ei funksjonsnedsetting av ein slik art at det hindrar barnet i å bruka barnehageplassen sin på lik linje med andre barnehagebarn. Dersom kommunen kjem til at barnet har nedsett funksjonsevne, må det konkretiserast i kva situasjonar barnet treng tilrettelegging, når barnet treng tilrettelegging, og korleis tilrettelegginga skal utførast.

3.2 Sikring av tilretteleggingsplikta – innhald i vedtaket

Når kommunen skal gjera vedtak om tilrettelegging, må dei følgja føresegna i forvaltningslova. Dette stiller krav til at vedtaket er grunngjeve og til at saka er så godt opplyst som mogleg. Grunngjevinga skal setja parten i stand til å forstå vedtaket. Dette stiller krav til at kommunen, på ein god og forståeleg måte, viser korleis ein har vurdert lova sine vilkår. Gode vurderingar krev at kommunen får saka godt opplyst.

3.3 Opplysing av saka, jf. forvaltningslova § 17

Kommunen «*skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes*», jf. forvaltningslova § 17. Å få saka godt opplyst er naudsynt for at kommunen skal kunna gjera vurderingane § 37 krev. Då barna sine behov for tilrettelegging er ulike, vil også kommunen sine undersøkingar for å få saka godt opplyst, variera. Nokre saker krev grundigare undersøkingar enn andre.

Det er ikkje krav om sakkunnig vurdering i saker der barn har behov for tilrettelegging av barnehagetilbodet etter barnehagelova § 37. Uttale frå barnehage og føresette er difor viktig. Kommunen har utarbeidd eit skjema, [«informasjon om barnet frå barnehagen –](#)

[ved melding om behov for tilrettelegging av barnehagetilbodet, jf. barnehagelova § 37»,](#) som kan nyttast ved behov. Skjemaet ligg på kommunen si nettside.

I enkelte saker kan det vera nødvendig med uttale frå helsetenesta eller andre. Det vert i utgangspunktet ikkje henta inn sakkunnig uttale frå PPT. Dersom PPT har nødvendig kompetanse om spørsmål knytt til § 37, kan ein be om uttale frå dei. Men PPT har ikkje lovpålagde oppgåver etter § 37.

Når eit barn tidlegare har hatt individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet, skal tiltak og effekt av dette vera del av opplysinga i eit nytt vedtak. Barnet skal, så langt det er mogleg, uttala seg i saka. Barnet sitt synspunkt skal vektleggjast.

3.3.1 Samtykke

Det er ikkje eit krav at føresette skal samtykka til tilrettelegging i barnehagen, jf. barnehagelova § 37. Kommunen skal av eige initiativ setja i gang tiltak dersom dei får kjennskap til at eit barn har behov for tilrettelegging av barnehagetilbodet, og dette er meir omfattande enn det barnehagen kan gjera innanfor det ordinære tilbodet.

Om kommunen vurderer å setja i gang tiltak utan at føresette har vore involvert, må kommunen førehandsvarsla dei om dette, jf. forvaltningslova § 16. Føresette vil då få moglegheit til å uttala seg i saka før det vert gjort vedtak. Normalt gjer omsynet til best mogleg opplysing av saka det nødvendig å innhenta uttale frå føresette før vedtaket vert fatta. Normalt bør føresette involverast så tidleg som mogleg, og i så stor grad som mogleg.

Kommunen kan ikkje innhenta teiepliktig informasjon om barnet utan samtykke frå føresette. Kommunen kan heller ikkje dela informasjon om barnet med andre instansar utan at det er heimel i lov for det. Dersom det ikkje er heimel i lov for å dela informasjon, må det innhentast samtykke frå føresette. Til dømes gjeld dette om kommunen vil involvera PPT eller annan sakkunnig instans som spesialisthelsetenesta, BUP og kommunal helseteneste.

Dersom føresette er ueinige i kommunen si vurdering av om barnet har nedsett funksjonsevne, og ikkje ynskjer tilrettelegging, kan kommunen likevel fatta slikt vedtak. Om kommunen, med bakgrunn i opplysingane i saka og barnet sitt beste, meiner at barnet har behov for tilrettelegging, skal kommunen fatta vedtak om dette. Føresette kan då påklaga vedtaket til statsforvaltaren. Statsforvaltaren kan handsama alle sider av saka (forvaltningslova § 34).

3.3.2 Vedtaket

Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet til barn med nedsett funksjonsevne. I vedtaket må det vurderast konkret i kva situasjonar barnet kan seiast å ha nedsett funksjonsevne, og kvifor.

Kommunen skal fatta vedtak både dersom ein kjem til at eit barn har rett til tilrettelegging etter barnehagelova § 37, og dersom ein kjem til at barnet ikkje har ein slik rett.

Avgjerande for plikt til å fatta vedtak er om kommunen har sett i verk undersøkingar. Vurderinga skal ta utgangspunkt i vilkår i barnehagelova § 37, og vera i tråd med forvaltningslova sine reglar for enkeltvedtak.

Vedtaket skal stilast til barnet sine føresette. Barnehagen er kopimottakar.

Vedtaka skal som eit minimum innehalda følgjande:

- Reglane vedtaket byggjer på
- Framstilling eller tilvising til faktagrunnlaget
- Hovudomsyna som har vore avgjerande for dei skjønsmessige vurderingane
- Vurdering av vilkåra i barnehagelova § 37
 - Om barnet har nedsett funksjonsevne
 - Identifisera kva som er til hinder for at barnet kan ta i bruk barnehageplassen sin på same måte som andre barn
 - Tiltak som barnehagen skal leggja til rette for og kven som er ansvarleg for tiltaka
 - Kva situasjonar ein krev tilrettelegging i
 - Når det trengst tilrettelegging
 - Korleis ein skal tilretteleggja
 - Timetal for tilrettelegging. Dersom ein gjev færre timar enn det er meldt behov for, må ein skrive inn dei vurderingane som er gjort for at ein gjev færre timar.
 - Om kommunen meiner tilrettelegginga kan handterast innanfor barnehagen si generelle tilretteleggingsplikt, må dette grunnleggjast konkret.
 - Om tilrettelegging vil vera ei «uforholdsmessig byrde» for kommunen, må ein visa korleis dei lovbestemte omsyna er vektlagde.
- Barnets beste skal vera eit grunnleggjande omsyn
- Informasjon om retten til å gjera seg kjend med dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18
- Informasjon om klagerett, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage

Vedtaksmaal ligg på kommunen si nettside og i Compilo.

3.3.3 Klage til Statsforvaltaren

Statsforvaltaren er klageinstans for vedtak om individuell tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne.

4. Rapportering og evaluering

Kommunen som barnehagemynde har ansvar for å følgja opp innhaldet i vedtaka. Det vil sei sjå til at barnehagane sine planar for gjennomføring av vedtaket vert nytta, og at planane og årsrapportane vert sendt kommunen.

4.1 Plan for tilrettelegging for barn med vedtak

Barnehagen skal i samarbeid med føresette skriva ein plan for gjennomføring av vedtaket. Eigen mal er utarbeidd og skal nyttast:

[Plan – individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med vedtak etter barnehagelova § 37](#)

Barnehagen skal senda kopi av planen til barnehagemynde innan 1 ½ månad etter dato vedtaket gjeld frå.

Plan for tilrettelegging for barn med vedtak skal:

- Gje informasjon til barnehagemynde i kommunen for å følgja opp om tilrettelegginga vert arbeidd med i tråd med vedtaket.
- Ved avvik, eller om tiltak ikkje har effekt, skal styrar i barnehagen ha dialog med barnehagemynde om utfordringane og kva ein skal gjera vidare.
- Planen vert arkivert i kommunen sitt sak og arkivsystem

4.2 Årsrapport

Barnehagen skal i samarbeid med føresette skriva ein årsrapport for gjennomføring av vedtaket og vurdera effekten tilrettelegginga har hatt i høve å bryta ned barrierar for at barnet kunne gjera seg nytte av barnehagetilbodet.

Eigen mal er utarbeidd og skal nyttast:

[Årsrapport – tilskot til individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med vedtak etter barnehagelova § 37](#)

Barnehagen skal senda barnehagemynde årsrapporten innan 15. april eller seinast ein månad etter at tilrettelegginga er avslutta.

Årsrapportane skal:

- handsamast av barnehagemynde for å følgja opp om tilrettelegginga er gjort i tråd med vedtaket
- vera del av grunnlaget dersom vedtaket skal vidareførast
- arkiverast i kommunen sitt sak og arkivsystem

5. Avvik

Avvik i forhold til rutinen skal registrerast i kommunen sitt avvikssystem Compilo og handsamast vidare. Det vil seia at feil og svikt skal rettast opp og endringar skal gjerast slik at ein sikrar at same feil/svikt ikkje skjer igjen.

For private barnehagar gjeld deira internkontrollsystem som fangar opp avvik og at leiaren tek ansvar for å lukka avviket.

6. Betre tverrfagleg innsats (BTI)

Stord kommune har som mål å sikra tidleg innsats og eit heilskapleg tenestetilbod for barn, unge og familieane deira ved å samordna tenester av høg kvalitet. Felles rutinar/saksgang for korleis ein går fram ved uro for eit barn, skal bidra til lik praksis i barnehagane. Stafettloggen er eit digitalt verktøy som vert nytta i samhandlinga med føresette og eventuelt andre tenester. Fokuset i arbeidet skal vera å setja barnet si utvikling og føresette sin medverknad i sentrum. Mål og tiltak samt kven som har ansvar for oppfølging av tiltaket vert slik tydeleggjort. I tillegg skal kvart tiltak evaluerast innan rimeleg tid. BTI sin [retteleiar](#) finn ein på Stord kommune sine nettsider.

Ved uro for eit barn skal ein nytta BTI-retteleiar og oppretta stafettlogg ved mistanke om eit barn har trong for individuelt tilrettelagt barnehagetilbod etter barnehagelova § 37. Barnehagen skal leggja til rette i det ordinære tilbodet før melding om behov for dette til kommunen.

Viktig å arbeida systematisk med dei ulike nivåa og nytta verktøya til kvart nivå. Lenke til [BTI-retteleiar \(betreinnsats.no\)](#)

Nivå 0	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Definer uroa for eit barn. Del uroa med næraste leiar, før du eventuelt deler uroa med føresette/barnet.	Jobb saman med føresette og barn for å finna ei løysing. Her vert det i utgangspunktet jobba innan ei enkelt teneste/evdeling.	Jobb i tverrfagleg samarbeid mellom kommunale tenester, føresette og barn for å løysa utfordringa.	Jobb i tverrfagleg samarbeid mellom ulike kommunale tenester, føresette/barn og tilviste tenester for å løysa utfordringa.
Steg 1: Definer uroa for eit barn	Steg 1: Samtykke til stafettlogg	Steg 1: Nettverksmøte - oppstart	Steg 1: Første møte med aktuell instans
Steg 2: Del uroa med leiaren din	Steg 2: Skap felles forståing	Steg 2: Nettverksmøte - planlegg tiltak	Steg 2: Planlegg tiltak
Steg 3: Del uroa med føresette/barnet	Steg 3: Sett i verk tiltak	Steg 3: Sett i verk tiltak	Steg 3: Sett i verk koordinerte tiltak
Steg 4: Grunn til vidare oppfølging?	Steg 4: Evalueringsmøte - drøftingsdel	Steg 4: Evalueringsmøte - drøftingsdel	Steg 4: Evalueringsmøte - drøftingsdel
Steg 5: Avslutt saka	Steg 5: Evalueringsmøte - avgjerd om vegen vidare	Steg 5: Evalueringsmøte - avgjerd om vegen vidare	Steg 5: Evalueringsmøte - avgjerd om vidare koordinert innsats

7. Ansvar og oppgaver ved vedtak om individuelt tilrettelagt barnehagetilbod

Styrar

Ansvar for at det vert sett inn tiltak i tråd med enkeltvedtaket. Dette inneber m.a.:

- Syt for at personalet på barnet si avd/base er kjent med innhaldet i vedtaket, og at dei får rettleiing/opplæring i tråd med tiltak.

Pedagogisk leiar

- Har det daglege ansvaret for det pedagogiske tilbodet til alle barna på si gruppe, og for at personalet der er kjent med barnehagen sine mål og rammer
- Syt for at personalet på avd/basen er kjent med mål og tiltak for enkeltbarn.
- Legg til rette rom, utstyr, med meir i tråd med innhald i vedtaket.
- Samarbeider med føresette i høve utarbeiding av plan for gjennomføring av vedtaket og årsrapport.

8. Saksgang

Handling	Ansvar
<p>Ved uro om eit barn i barnehagen har nedsett funksjonsevne og slik kan ha rett på individuelt tilrettelagt barnehagetilbod:</p> <ul style="list-style-type: none">• Uroa vert drøfta i eit BTI-møte. Barnehagefagleg rådgjevar vert invitert. <p>NB: Barnehagen har ein plan for individuell tilrettelegging for barnet i det allmennpedagogiske tilbodet, jf. punkt 8 i dette dokumentet, som dei nyttar.</p>	Barnehagen
<p>Kommunen vurderer fortløpande om eit barn kan ha behov for tilrettelegging uavhengig av om ein får ei melding om behov eller ikkje.</p> <p>Det er ein fordel om kommunen får melding frå til dømes føresette, tilsette i barnehagen eller helsestasjonen dersom eit barn har behov for individuell tilrettelegging. Kommunen vil så henta inn tilstrekkeleg og utfyllande informasjon for å opplysa saka om barnet har nedsett funksjonsevne og slik har rett på individuell tilrettelegging, jf. barnehagelova § 37.</p> <p>Det er ikkje krav om at det skal skje gjennom ei skriftleg melding. Det er likevel å tilrå at ein nyttar meldeskjema på kommunen si nettside. Informasjon i skjema vil vera avklarande i høve barnet sine behov.</p>	Barnehagemynde i samarbeid med barnehagestyrar, helsestasjons-tenesta og føresette.
Barnehagen fyller ut skjema for informasjon om barnet frå barnehagen med ei nærmare grunngjeving for kvifor barnet treng tilrettelegging. Dokumentasjon vert sendt kommunen	Barnehagen

For at det skal fattast vedtak som gjeld frå 15. august, må melding om behov helst vere sendt kommunen før 20. mai.	
<p>Fagavdeling oppvekst og kultur fattar vedtak på vegne av rådmannen. Saker skal handsamast fortløpande etter kvart som dei kjem inn, og i hovudsak for eitt barnehageår om gongen.</p> <p>Barnehagemynde sender vedtaket til føresette, med kopi til barnehagen.</p> <p>Dersom det ikkje vert fatta vedtak innan tre veker etter motteke melding, vert det sendt eit midlertidig svar til føresette og barnehage.</p> <p>Barnehagemynde skal informera barnehagen om utarbeiding av plan og årsrapport. Barnehagen skal òg få informasjon om kva beløp som vert tildelt og korleis beløpet vert utbetalt, og informasjon om ev tilbakebetaling.</p>	Barnehagemynde
Føresette har tre veker klagefrist på vedtaket. Klaga skal sendast til barnehagefagleg rådgjever i kommunen.	Føresette
Dersom klaga ikkje vert tatt til følgje, vert ho vidare sendt til statsforvaltaren i Vestland.	Barnehagemynde
Statsforvaltaren kan stadfesta, oppheva eller gjera om kommunen sitt vedtak	Statsforvaltaren
Barnehagemynde skal til ei kvar tid ha rutinar / skjema / malar oppdaterte i tråd med gjeldande lovverk.	Barnehagemynde
Aktuelle rutinar / skjema / malar skal leggjast ut på kommunen si nettside og ev. BTI-side, og i kommunen sitt kvalitetssystem Compilo.	Barnehagemynde
Barnehagemynde orienterer om skjema / rutinar / malar til barnehagestyrarar via e-post og i fagmøte for barnehagestyrarar (ein gong per år eller oftare dersom lovendring).	Barnehagemynde
<p>Barnehagemynde kallar årleg inn leiande helsesjukepleiar på fagmøte for barnehageeigarar med barnehagelova § 37 som tema.</p> <p>Dette for at helsestasjonstenesta skal kunna rettleia føresette om denne lovparagrafen på rutinekontrollar for barn når barn som skal byrja i barnehage kan ha behov for særskild tilrettelegging.</p>	Barnehagemynde
Føresette får informasjon på kommunen si nettside.	Barnehagemynde
Kommunen har ein informasjonsfaldar som føresette får tilsendt når dei har teke imot barnehageplass i kommunen.	Barnehagestyrar
Barnehagestyrar informerer føresette dersom ein ser eit behov for tilrettelegging.	Barnehagestyrar
<p>Barnehagen skal, i samarbeid med dei føresette, skriva ein plan for oppfølging av vedtaket, jf. mal for dette:</p> <p>Plan for tilrettelegging for barn med vedtak etter barnehagelova § 37</p>	Barnehagestyrar

Frist 1 ½ mnd. etter motteke vedtak Barnehagemynde skal følgja opp at tilrettelegginga i barnehagen er i samsvar med vedtaket.	
Barnehagen skal etter vedtaksperioden skriva ein rapport for korleis dei har ivareteke tilrettelegginga, jf. mal for dette: Årsrapport – tilrettelegging for barn med vedtak etter barnehagelova § 37	Barnehagestyrar
Barnehagemynde går gjennom årsrapporten.	Barnehagemynde

9. Tiltak

Tiltak som bør utførast i det allmennpedagogiske tilbodet:

Tiltak	Utdjuping
Visuell støtte	For å gje barnet ein oversiktleg og forutsigbar kvardag bør det ordinære barnehagetilbodet innehalda dagtavle og visuell støtte i konkrete overgangar.
Inndeling av barnegruppe	Barn profitterer på å ha struktur på dagen der dei er inndelt i små grupper med vaksne tett på.
Relasjonsbygging	Dei vaksne sin relasjon til barnet kan vere ein avgjerande faktor for uønska åtferd hjå barnet. Vurder korleis dei vaksne sin relasjon til barnet. Barnet si stemme skal verta høyrte
Struktur i organiseringa	Observer og vurder organiseringa i dei ulike aktivitetane ein har i løpet av ein kvardag. Tips: Få gjerne ein i frå ei anna avdeling inn for å observere. Garderoben: Er det for mange barn i garderoben på same tid? Er det noko som barnet ikkje meistarar i påkledninga? Likar barnet seg ute?
Barnesamtale	Høyr barnet si stemme - kva barnet strevar med. Set opp faste samtaler mellom ein fast vaksen og det aktuelle barnet, ein gong i veka og over ein periode. Bygg gode relasjonar i fredstid. Tips: boka «barnesamtaler» av Emilie Kinge
Observasjon over tid	Observer dei aktivitetane som er vanskeleg for barnet. Kva er den utløyssande faktoren. Skriftleggjer observasjonane og bruk dei på ped.møte/avdelingsmøte
Det fysiske miljøet?	Observer det fysiske miljøet rundt barnet? Er det mykje støy? Mykje synsinntrykk? Er det eit inspirerende leikemiljø? Kor står leikene? Er det uoversiktleg på avdelinga?
Samtale med føresette	Tidleg i bekymringa bør det vera ein samtale med føresette. Samtalen er for å høyra deira oppleving av barnet. Kva er barnet sine styrkar? Kva er observert? Er det noko ein kan arbeida med i fellesskap saman med føresette?

Meistring	Bygg dagen på aktivitetar som gjer at barnet føler meistring. Observer og samtal med barnet om kva barnet likar å leike med
Kompetanseheving	Kva opplever tilsette kan vera utfordrande hjå enkelte barn? Søk rettleiing og ei felles kompetanseheving på aktuelle tema
Vaksenrolla	Korleis er dei tilsette på avdelinga/gruppa? Er dei til stade i leiken? Er dei tett på barna og engasjert i dei? Eller er det andre tilsette som er i fokus? Kva barnesyn har den enkelte vaksne? Har barnehagen eit felles barnesyn? Korleis arbeider gruppa/avdelinga med rammeplanen? Har barnehagen/gruppa/avdelinga ein plan for kompetanseutvikling?
Systemrettleiing PPT	Har barnehagen drøfta vanskelege situasjonar på gruppa/avdelinga med kontaktperson hjå PPT?

10. Referanse/kjelder

- [Tilrettelegging av barnehagetilbudet for barn med nedsatt funksjonsevne](#)
- [Tolkingsuttale – Utdanningsdirektoratet](#)
- [Barnehagelova](#)
- [Rammeplan for barnehager](#)
- [Veilederen for spesialpedagogisk hjelp – Utdanningsdirektoratet](#)